

Sunde og Uskedalen vokser mest i fjor

31.01.2012



Førsteklassa i år og i fjor hadde til sammen 50 elevar. Dette er førsteklassa i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sunde hadde ein folketalstilvekst på 68 i fjor medan Uskedalen var ein god nummer 2 med pluss 33 og desse to skilte seg ut. Grenda opplyssar og at Kvinnherad ved årsskiftet hadde 13 315 innbyggjarar og det er rekord ettersom talet eitt år før var 13174. Også det var rekord. Men utifrå dei noko lengre linjeme er folketalet heller stabilt. Mest attende gjekk Rosendal med 18 og Husnes gjekk også noko ned - med 10.
Det siste blir forklara med Søralsituasjonen.

Ser ein nærmare på tala for Uskedalen fortel dei om ein auke sidan 1960 på 281 personar ettersom det var 780 i bygda for 52 år sidan. Men så auka det på 10 år til 923 og bidare til 969 etter 20 år. I 1984 var det ein topp med 1027 og sidan har folketalet her i bygda hatt problem med å ta seg vidare oppover.. Det gjekk ned til 972 i 2000 og har sidan vore slik::

2002 989,
 2004 980,
 2006 1000,
 2007 1014, ,
 2008 1037,
 2009 1027,
 2010 1025,
 2011 1028,
 2012 1061.

Til samanlikning med nabobygdene auka Omvikdalen med 13 til 738 medan Bringedalsbygda minka med 6 til 625.
 Båd Ølve, varaldsøy, Utåker, Sandvoll og Åkra hadde nedgang,

Av Ola Matti Mathisen